



Årsmøte

Tirsdag 30. januar 2024 kl. 19.00

Saksliste:

- | | |
|------------|--|
| Sak 1/2024 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| Sak 2/2024 | Konstituering og godkjenning av forretningsorden |
| Sak 3/2024 | Beretninger |
| Sak 4/2024 | Rekneskap 2023 |
| Sak 5/2024 | Innkomne saker |
| | a) Frikjøp |
| | b) Honorar styret |
| | c) Lokal stipendordning |
| | d) Stønad til Fagforbundet sin barneby i Angola |
| | e) Stønad til BUA |
| | f) Stønad til Norsk Folkehjelp |
| Sak 6/2024 | Handlingsplan 2024 |
| Sak 7/2024 | Budsjett 2024 |
| Sak 8/2024 | Val |

Årsmøtesak 1/2024: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kunngjering annonsert i lokalavisa Nordhordland 13. desember 2023 inkl. digitalt. Saksliste er sendt ut til alle Plasstillitsvalde for kunngjering på arbeidsplassen.

Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjent.

Årsmøtesak 2/2024: konstituering

Forslag til vedtak: Møteleiar: Thormod Bendiksen og Pål Inge Fosse Hopland

Sekretær: Liv Sagosen og Gunn-Tove Kalnes Skjervheim

Underskrift protokoll:

1.

2.

Forretningsordning

Årsmøtesak 3/2024: Beretningar

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Årsberetning for 2023 vert godkjent. Årsberetninga for utval og yrkesseksjonane vert tatt til orientering.

Årsmøtesak 4/2024: Rekneskap 2023

Sjå vedlegg 2

Forslag til vedtak: Det reviderte og godkjende rekneskapet for perioden 01.01.2023 – 31.12.2023 vert godkjent.

Årsmøtesak 5/2024: Innkomne forslag

a) Frikjøp

Fagforbundet Alver har hatt frikjøp innanfor ramme på kr. 400.000 og har hatt fullmakt til å disponere og regulere frikjøpet innan for vedtatt rammet med unntak av fast frikjøp av kasserar med 10 %. Styret ønskjer ei ramme på kr. 390.000 til frikjøp og at ramma blir fordelt av styret etter behov med unntak av frikjøp av kasserar, her ønskjer styret å auke det faste frikjøpet til 20%.

Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar frikjøp innanfor ramme på kr. 390 000,-. Styret får fullmakt til å disponere og regulere frikjøpet innanfor vedtekne rammer.

b) Honorar styret

Styret i Fagforbundet Alver har sett at det er behov for å tilføre retningslinjer når det gjelder honorar og utbetaling. Det er i dag ingen krav til møtedeltaking og alle som får honorar får 100%, dette ønsker styret at skal differensierast betre. Det er heller ikkje lagt inn føringar når det gjelder personar som går ut av styret i løpet av årsmøteperioden eller personar som tiltrer eller blir konstituert i verv.

Styret foreslår derfor følgande retningslinjer til honorar:

- Honorar utbetalast etter møtedeltaking, 100% honorar ved deltaking på minst 50% av styre/utvalsmøta og 50% honorar ved deltaking på under 50% av styre/utvalsmøta .
- Dersom ein person trekker seg frå verv i løpet av året så skal honorar betalast ut berre for perioden vedkommande var aktiv i vervet. Det vert i denne samanheng ikkje betalt ut honorar dersom man ikkje har vært på minimum et møte i styret/utval.
- Dersom en person veljast inn og tiltrer eller konstituerast skal vedkommande ha differensiert honorar for den perioden vedkommande innehar vervet.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner retningslinjer til honorar.

c) Lokal stipendordning

Styret i Fagforbundet Alver ønskjer å fortsetje ordninga med å bidra til auka kompetanse blant medlemmane våre med fokus på kurs og fagdagar. Difor ønskjer vi å gje medlemmer som deltek på relevante yrkesrelaterte kurs, fagdagar og oppmelding til fagprøve økonomisk bistand. Søknad skal sendast til opplæringsutvalet v/leiar. Styret foreslår at det vert sett av kr. 100.000,- til lokal stipendordning.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner fortsetjing av ordninga.

d) Stønad til Fagforbundets barneby i Angola

Fagforbundet har ein barneby i Angola. Rundt 2000 barn som har det vanskeleg får hjelp og støtte gjennom barnebyen. Fagforbundet sin barneby blir styrt av SOS-barnebyer Angola, og barnebyen si leiing samarbeider med lokale myndigheiter i Huambo.

I 2005 vedtok Fagforbundet å gå inn i eit forpliktande samarbeid med SOS-barnebyer. Forbundet, medlemmer og tilsette i Fagforbundet skulle bidra til å byggje ein SOS-barneby i Angola, og finansiere drifta i fem år.

Angola har mista 1,5 millionar menneska gjennom krig i nesten 40 år. Krigane førte til store skader. Det mangla vegar, skular og fagfolk. BARNEDØDELEGHEITA er høg, og forventta levealder er berre 51 år. 37% lever i ekstrem fattigdom, det vil si under 1,25 USD pr. dag. Berre halvparten av befolkninga har tilgang på reint vatn.

Fagforbundet sin barneby i Angola blei offisielt opna i 2010. Barnebyen har blitt solidaritet i praksis. Barnebyen består av tolv familiehus for 120 barn, ein barnehage for 100 barn og ein skule for over 1750 elevar. I tillegg får einslege mødrer, storesøstera eller bestemødrer i lokalsamfunnet hjelp til sjølvhjelp for å kunne ta vare på barna dei har ansvar for.

Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev stønad til Fagforbundets barneby i Angola med kr. 15.000,-.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad med kr. 15.000,-.

e) Stønad til BUA

BUA er ein nasjonal ideell organisasjon som jobbar for at barn og unge skal få moglegheit til å prøve fleire og meir varierte aktivitetar. BUA er ei ordning for utlån av utstyr og er drevet av frivilligsentralane og frivillige som har engasjert seg.

Ordninga har vist seg å være veldig populær blant innbyggjarane i Alver. Fagforbundet Alver har i fleire år gjeve støtte til BUA i Alver og foreslår å fortsetje med dette. Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev stønad til BUA i Alver med kr. 30.000,-.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad til BUA med kr. 30.000,- til innkjøp av utlånstutstyr. BUA får sjølv disponera midlane fritt til utstyr dei ønskjer å kjøpe inn til sitt sortiment.

f) Stønad til Norsk Folkehjelp

Fagforbundet Alver generell stønad til Norsk Folkehjelp sitt arbeide i krigsherjede områder.

Styret foreslår at Fagforbundet Alver gjev Norsk Folkehjelp stønad til dette viktige arbeide med kr. 10.000,-

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner stønad med kr. 10.000,-.

Årsmøtesak 6/2024: Handlingsplan 2024

Sjå vedlegg 3

Forslag til vedtak: Handlingsplan for 2024 vert godkjent, og styret i Fagforbundet Alver får fullmakt til å konkretisere handlingsplanen med innhald og datofestning.

Årsmøtesak 7/2024: Budsjett 2024

Sjå vedlegg 4

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2024 som det er lagt fram og gjev styret fullmakt til å omdisponere budsjettet etter behov innanfor vedtekne rammer.

Årsmøtesak 8/2024: Val

Valkomiteen har hatt følgjande samansetning:

Ståle J. Hauge, Yrkesseksjonen samferdsel og teknisk
Raymond Sandnes, Yrkesseksjonen samferdsel og teknisk
Liv Eriksen Eide, Yrkesseksjonen kontor og administrasjon
Cecilie Kårbø, representant frå styret

Sjå vedlegg 5

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner valkomiteens sin innstilling som den er lagt fram.